

Moltu barnehage

Årsplan 2022 - 2023



«Ein herleg plass på jord for liten og for stor»

Innholdsliste

<i>Velkommen til nytt barnehageår</i>	<i>3</i>
<i>Moltu barnehage sin visjon</i>	<i>3</i>
<i>Om barnehagen</i>	<i>4</i>
<i>Barnegruppa</i>	<i>4</i>
<i>Opningstid</i>	<i>4</i>
<i>Planleggingsdagar</i>	<i>4</i>
<i>Personalet</i>	<i>4</i>
<i>Kontaktinformasjon</i>	<i>4</i>
<i>Kommunikasjon heim-barnehage</i>	<i>5</i>
<i>Dokumentasjon</i>	<i>5</i>
<i>Rammeplan for barnehagen</i>	<i>6</i>
<i>Satsingsområde</i>	<i>6</i>
<i>Leik og læring</i>	<i>6</i>
<i>Relasjonskompetanse</i>	<i>8</i>
<i>Vere saman</i>	<i>9</i>
<i>Vaksenstilar</i>	<i>9</i>
<i>Støttmateriell</i>	<i>10</i>
<i>«Løvelova»</i>	<i>10</i>
<i>Livsmeistring og helse</i>	<i>11</i>
<i>Trygt og godt barnehagemiljø</i>	<i>12</i>
<i>Barn si medverknad</i>	<i>13</i>
<i>Språk og kommunikasjon</i>	<i>14</i>
<i>Regional kompetanseutvikling (REKOMP)</i>	<i>15</i>
<i>ASK (Alternativ og supplerande kommunikasjon)</i>	<i>15</i>
<i>Samarbeidspartnarar</i>	<i>16</i>
<i>Foreldrerådet (FAU)</i>	<i>16</i>
<i>Samarbeidsutvalet (SAU)</i>	<i>16</i>
<i>Tverrfagleg team – tidleg innsats</i>	<i>16</i>
<i>Overgang barnehage skule</i>	<i>17</i>
<i>Dagsrytma</i>	<i>18</i>
<i>"Alt jeg egentlig trenger å vite lærte jeg i barnehagen"</i>	<i>19</i>

Velkommen til nytt barnehageår

Vi ønsker alle barn og foreldre velkomne til eit nytt barnehageår i Moltu Barnehage. Sidan oppstart i august har barnehagen tatt i mot fleire nye barn og personalet vil spesielt ønskje desse velkomne til oss. For at barn skal kunne trivast, leike, lære og utvikle seg er det viktig at dei føler seg trygge i barnehagen. Det er ikkje berre dei nye barna med oppstart i år som har hatt behov for å verte trygge og finne sin plass i barnegruppa. Eit nytt barnehageår medfører også ein ny kvardag for barn som allereie er godt kjent. Nokon barn har slutta og gruppedynamikken har endra seg. Her er nye barn å forholde seg til, nye foreldre, nye tilsette og kanskje er ikkje barnet yngst lenger og vil blitt møtt med andre krav, rutinar, regler og aktivitetar. Den fyrste tida av dette barnehageåret har vi hatt fokus på å etablere trygghet, opparbeide tillit og skape eit fellesskap kor alle føler gruppetilhøyrse. Personalet ser no fram til eit år som vi håpar vil verte spennande og minnerikt for både store og små.

Moltu barnehage sin visjon


Personalet er stolte av visjonen vår: **«Ein herleg plass på jord for liten og for stor».**

Barnehagen sitt verdigrunnlag er forankra i barnehagelova og byggjer på likeverd og respekt for det unike i kvart enkelt barn. Gjennom medverknad, inkludering, rausheit og tilrettelegging vil personalet skape ein kvardag som er prega av tryggleik, oppleving av meistring og kjensla av å høyre til. Vi er opptekne av at alle barna skal erfare nærverande vaksne som omfamnar mangfaldet og viser nærheit, omsorg, glede og varme.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Det er viktig for personalet at både barna og dykk foreldre opplever at det er trygt og godt å kome i barnehagen. Vi har tru på openheit og at barn som vert møtt med omsorg vil gi omsorg vidare. Med positive handlingar kjem positive handlingar. Det er viktig for oss at barna vert møtt med anerkjenning for den dei er og ha fokus på gode relasjonar og tilnærming. I fellesskap skal vi skape ein god læringsarena kor barna kan vekse og utvikle seg både sosialt, kognitivt, emosjonelt og motorisk.

«I Moltu barnehage skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Vi vil introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materialar og reiskap som bidreg til meningsfull samhandling. Barna si nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær skal anerkjennast, stimulerast og leggje til grunn for deira læringsprosessar, utvikling og vekst».

Helsing personalet



På vegne av personalet

Belinda Yasmin Moltu
Moltu barnehage, oktober 2022

Om barnehagen



Moltu Barnehage vart starta som ein av de første kommunale barnehagane i Herøy Kommune tidleg på 70-tallet. Alderssamansetninga i barnegruppa varierer noko frå år til år. Barnehagen prøver så langt det er mogleg å imøtekomme føresette sine behov, og tilbyr derfor også delte plasser. Det er ein utvida ein-avdelings barnehage med 24 plassar. Barnehagen ligg i «starten av byggefeltet» på Moltustranda. Vi har eit kupert uteområde som byr på mange utfordringar for store og små. Berre et "steinkast" frå barnehagen finn man både skogsområde og fjøra. På grunn av vår unike plassering kjem barnehagen til å nytte seg av den flotte naturen i nærmiljøet heile året rundt.

Barnegruppa

I år er det 15 barn som går i Moltu barnehage og er spreidd i alderen frå 1-5 år. Sju av barna er under 3 år og åtte er over 3 år. Det at barnegruppa er aldersblanda er noko vi ser på som positivt. Barna har stort læringsutbytte både oppover og nedover i alder. Dei eldre barna viser aktivt omsorg, hjelper, trøystar og viser empati i stor grad. Dei yngre barna har gode rollemodellar i dei eldre barna, dei har nokon å strekkje seg etter og lærer mykje.

Ved aldersblanda aldersgruppe så krev det ein del organisering av barnehagedagen. For å kunne tilpasse formidling av tema ut i frå alder- og utviklingsnivå vil barnegruppa i dei fleste organiserte aktivitetane verte delte inn i mindre grupper. I praksis vil vi fungere som to avdelingar sjølv om vi ikkje har to avdelingar reint fysisk. Det vil alltid vere ein pedagog på kvar gruppe som har ansvaret for planlegging, gjennomføring, tilrettelegging og oppfølging av aktivitetar og barna. Val av tema, lærestoff, utstyr og arbeidsmetodar vil verte tilpassa barnegruppa sine behov.

Opningstid

Barnehagen opnar kl. 06.45 og stenger kl. 17.00. Barnehagen held stengt i romjula. Siste opningsdag er 23.12 og første opningsdag er 03.01.23. I samband med påsken held barnehagen stengt siste onsdag før skjærtorsdag. Elles så held barnehagen stengt dei tradisjonelle merke- og høgtidsdagane som 1. mai, 17.mai, påskedagane, Kristi himmelfartsdag o.l.

Planleggingsdagar

Personalet har i likskap med dei andre kommunale barnehagane i Herøy 5 planleggingsdagar i året. Kva for datoar dette er varierer frå år til år. I år er planleggingsdagane fylgjande; 08.08.22, 07.10.22, 02.01.23, 16.03.23 og 19.05.23. Barnehagen er då stengt.

Personalet

Linn-Kristine Hoddevik: pedagogisk leiar 100 %

Silje Skaufel Saure: barnehagelærer 100 %

Belinda Yasmin Moltu: styrar 50 % + 50 % ped.led

Ingvill Larsen Frøysok: assistent 100 %

Laila Larsen: assistent 50 %

Carina Grzybowska: assistent 20 %

Kontaktinformasjon

Styrar / dagleg leiar: Belinda Yasmin Moltu Kontor / mobil bhg: 95022621 Mobil: 95198845

E-post: belinda.yasmin.moltu@heroy.kommune.no / moltu.bhg@heroy.kommune.no

Besøks- og postadresse: Monsplassen 1, 6076 Moltustranda

Kommunikasjon heim – barnehage

Vi brukar programmet «Edlevo» for skriftleg kommunikasjon med dykk foreldre. Månadsbrev, info om neste månads tema og anna praktisk informasjon vert sendt på denne plattformen. Edlevo vert også brukt til å sende internmeldingar direkte til alle foreldre eller enkeltvis.

Dersom dykk har behov for å gje beskjedar eller få rask informasjon så oppfordrast det til å ta kontakt på barnehagens mobil.

Personalet nyttar også informasjonstavlene som heng på døra inn til avdelinga (i innergarderoba). Det er derfor viktig at dykk huskar å sjå på den ved levering og henting. Her vil dykk bl.a. finne påmeldingslister til ulike arrangement som besteforeldrekafe, dugnader og foreldresamtalar.

Dokumentasjon

Barnehagens årsplan er eit viktig dokument for dokumentasjon for barnehagens innhald og oppgåver. I denne årsplanen så er det kun dei «store linjene» i vårt arbeid som vert presentert. Barnehagen kjem derfor til å supplere med fortløpande dokumentasjon i løpet av året. Dykk vil blant anna få tilsendt månadsbrev og informasjon om kva for tema vi skal arbeide med i barnehagen.

Bilete, tekst, teikningar, formingsgjenstander o.l. bidreg til å vise arbeidet til barna og synleggjere deira tankar og praksis. Personalet dokumenterer igjen mykje av dette for å kartlegge barna sine læringsprosessar. Dokumentasjon som samlast skal brukast for å vidareutvikle den pedagogiske prosessen.


Dokumentasjon av barnehagens praksis vert til pedagogisk dokumentasjon når personalet og barna reflekterer over og diskuterer den. I barnehagen dokumenterast det ikkje berre for å vise til kva barna eller personalet har gjort, men det dokumenterast for å skape eit springbrett for kva som kan kome til å skje. Å arbeide med pedagogisk dokumentasjon som verktøy vil sørge for at personalet alltid har eit kritisk blikk på eigen praksis. Vi ønsker alltid å vere i framdrift – for barna sitt beste.

Pedagogisk dokumentasjon er eit prosessorientert arbeid som består av ulike delar;



Rammeplan for barnehagen

Barnehagen er ein pedagogisk verksemd med eit viktig samfunnsmandat som er forankra i Lov om barnehagar med forskrifter (barnehagelova). Rammeplanen for barnehagar er ein forskrift til barnehagelova og er ein offentlig vedtatt læreplan som gjeld for alle barnehagar i Norge.



Rammeplan for barnehagen er med på å gje retningslinjer for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Den har sju fagområde. Dette er fagområde som personalet kjem til å arbeide med gjennom heile barnehageåret. Meir informasjon om rammeplanen kan dykk lese på udir.no.

Kvart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt, og fagområda opptre sjeldan åleine. Vi kjem til å arbeide tverrfagleg med fagområda. Det vil seie at fleire fagområde vil vere representerte samtidig, både i temaopplegg, tilrettelagde aktivitetar, turar i nærmiljøet og kvardagsaktivitetar.

Årsplanen til barnehagen skal byggje på barnehagelova og er eit viktig arbeidsreiskap og grunnlagsdokument for personalet. Den skal vise

korleis barnehagen vil arbeide for å omsette rammeplanens formål og innhald og barnehageeigar (Herøy kommune) sine lokale tilpassingar ut i pedagogisk praksis.

Satsingsområde

Alle barnehagane i Herøy Kommune har i tillegg til den nasjonale rammeplanen ein lokal rammeplan (Heile planen finn dykk på Herøy Kommune sine nettsider). Denne planen har nedfelt felles satsingsområde for alle barnehagebarn i Herøy fram til våren 2024. Den lokale rammeplanen er forpliktande og skal vere bidragande til kvalitet i barnehagen og styrande for utviklingsarbeid og kompetanseheving hjå personalet. Barnehagen kjem difor dette barnehageåret til å ha følgjande satsingsområde;

- Leik og læring
- Livsmeistring og helse
- Relasjonskompetanse
- Språk og kommunikasjon



Leik og læring

I vår barnehage legg vi stor vekt på kor viktig det er for barn å leike. Det er grunnlaget for alt vi driv med i barnehagen. Leik og læring er utgangspunktet uansett kva for fagområde, satsingsområde og tema vi held på med. I barnehagen observerer vi mange ulike typar for leik; frileik, rolleleik, dramatisk leik, fantasileik, aggresjonsleik, funksjonsleik, konstruksjonsleik, repetisjonsleik, tumleleik, regelleik, sanseleik, songleik, formingsleik, digital leik osv. Leik er eit viktig reiskap i barna si utvikling, og gjennom leiken lærer og utviklar barna seg både kognitivt, språkleg, sosialt og motorisk.

Mål	Teikn på god praksis	Tiltak
• Barna skal tileigne seg leikeferdigheiter og lære seg leikereglar som turtaking, vente på tur, ta omsyn og vise respekt for dei ein leikar saman med. • Barna skal gjennom leik få bearbeide sine inntrykk, få utløp for eigen fantasi og forskartrong. • Barna skal oppøve samarbeidsevner, samt lyst og glede til å skape noko saman med andre. • Alle barna skal ha nokon å leike med. • Leiken skal ha ein framtrødande plass i barnas kvardag i barnehagen.	• Barna sin leik er spontan, frivillig og lystbetont. • Dei vaksne er med i leiken på barna sine premisser. • Dei vaksne inspirerer til leik og gir rom for ulike typar leik både inne og ute. • Dei vaksne er bevisste på å vere gode rollemodellar, og at gjennom vår eigen veremåte bidreg til barns læring av sosiale ferdigheiter. • Vaksne som er støttande, inspirerande, oppmuntrande, tilgjengelege og tydelege for å skape eit varmt og inkluderande læringsmiljø. • Dei vaksne nyttar ASK som støtte for inkludering.	• Personalet vil vere tilgjengelege og gripe aktivt inn i leiken for å førebygge konflikthar som kan vere til skade for utviklinga av dei gode relasjonane. • Hjelpe barna som har vanskar med å kome inn i leik. • Vi vil ha fokus å lære barna å leike på ein positiv måte. • Leggje til rette for uforstyrra leik. • Gje barna impulsar og inspirasjon til leiken. • Leiker, leikeapparat og diverse aktivitetsmaterieil vil verte tilpassa til barnegruppa utifrå alder- og utviklingsnivå.

Når barnet ditt svarar: «I dag har eg berre leika meg». Då har barnet ditt...



Relasjonskompetanse

Å kunne møte menneskje, kommunisere, dele og forstå kvarandre er ikkje ei sjølvfølge. Barnehagen er difor ein start på sosialiseringssprosessen og eit hovudmål er at barna i Moltu Barnehage skal utvikle sin sosiale kompetanse, noko som igjen inneberer at barna også må utvikle sin relasjonskompetanse. Med relasjonskompetanse meiner vi det å ha ferdigheiter, evner, kunnskapar og haldningar som bidreg til å kunne etablere, utvikle, reparere og halde ved like relasjonar mellom menneske. Å ha fokus på den enkelte si relasjonskompetanse, både hos dei vaksne i barnehagen og barnegruppa, er viktig for at alle skal trivast og utvikle seg som individ.

For å kunne skape gode læringssituasjonar for barna i barnehagen så er det viktig at dei erfarer meistring og trygghet. For at barna skal oppleve dette så er det essensielt at samspelet mellom barn og personalet er prega av tillit. Ein god relasjon er nemleg noko som krev tillit. Tillit er ingen sjølvfølge, men må byggast litt etter litt gjennom gjensidig respekt, å ønske kvarandre vel, vise omsorg og skape trygghet. Utan trygghet til kvarandre vil vi aldri fullt og heilt kunne rettleie barn eller kollegaer sin utvikling og faglege forståing. Dersom man skal arbeide med relasjonskompetanse hjå barn og vaksne så må man først og fremst opparbeide tillit. I tillegg må ein ha fokus på kommunikasjons-ferdigheiter, heriblant språk.

Mål

- Alle skal føle seg verdifulle, kjenne tilhøyrighet i eit fellesskap og danne venskap.
- Barna skal utvikle eit positivt sjølvbilet og positiv haldning til eigen læreevne, utvikle sjølvstende, kreativitet og fleksibilitet.
- Barna skal lære å kommunisere effektivt på ulike plan og utvikle eit godt munnleg språk.
- Barna skal lære å kunne ta andre si rolle og sjå ein sak frå fleire synsvinklar.
- Barna skal lære seg å bidra til å utforme positive normer for samhandling sjølv.
- Personalet skal lære å ta ansvar for eigne kjensler, verte meir forankra i seg sjølve, og dermed møte barn på ein meir kjærleg og anerkjennande måte.

Teikn på god praksis

- Nærverande, tydelege, lyttande og romslege vaksne.
- Dei vaksne gir ros og anerkjenning til barna og har eit felles fokus med barna.
- Barn som har tilegnet seg sosiale ferdigheiter og evner til å skape gode relasjonar.
- Alle barna vert inkludert i fellesskapet.
- Barna har utvikla gode venskapsforhold og ingen vert utestengt eller mobba.
- Vaksne som er medvitne på at det alltid er den vaksne som har ansvar for relasjonens kvalitet.
- Vaksne som er medvitne på eigne haldningar, verdiar, barnesyn og læringssyn og som gjenspeilast i dei vaksne sine handlingar i møte med barn.

Tiltak

- Heve den faglege og pedagogiske relasjonskompetansen hos alle i personalgruppa.
- Heve kompetansen til personalet på samhandling med barn, foreldre og arbeidskollegaer.
- Dei vaksne i barnehagen skal bevisstgjere si eiga evne til å sjå, forstå og justere seg til kvart enkelt barn, utan å gje opp sitt eige perspektiv, leiarskap og integritet.
- Barna sine opplevingar skal gjevast meining, og det skal settast grenser når noko ikkje er akseptabelt.
- Dei vaksne skal vere gode rollemodellar og fungere som "rådgivar og vegleiar" for barna.
- Arbeide med pedagogiske opplegg som t.d. «Være saman» (Løvebarnehage).



Vere saman

«Vere saman» er eit kompetanseløft for tidleg innsats og endringsarbeid i barnehagen og har fokus på dei ulike vaksenstilane. Å vere saman er ikkje eit «program» i tradisjonell forstand, men er ein invitasjon til ein endringsprosess i barnehagen. Det dreier seg om implementering av grunnleggjande haldningar i barnehagen. «Vere saman» har eit særleg fokus på den varme og grensesettjande vaksne (den autoritative vaksenrolla) og betre samhandling mellom barnet og den vaksne.


Formålet med «Vere saman» er at det skal stimulere til refleksjon og ei filosofisk innstilling til tema som vert berørt, slik at gode haldningar utviklast hos både vaksne og barn.

Vaksenstilar

Vaksenstil er eit anna ord for veremåte eller åtferd og handlar om korleis vi vaksne vanlegvis oppfører oss eller reagerer i møte med barn. «Vere saman» tek utgangspunkt i ein modell av Diana Baudrim frå 1991. Forsking over mange år har vist at ein autoritativ vaksenstil er ein god måte å gje støtte til eit barns utvikling på. Det autoritative vaksenperspektivet inneber at den vaksne kan sette tydelege grensar og stille hensiktsmessige krav, men samtidig vere varme i relasjon med barna.

Autoritative vaksne kan sjå, høyre og bestemme samtidig og gje barna rom for å prøve og feile. Dei er opptekne av respekt og anerkjenning ovanfor barna og har stort fokus på relasjonsbygging. Ein autoritativ vaksne evnar å sjå det enkelte barnet og gjev utfordringar utifrå barnet sin ståstad.

Haldningar og bevisstheit omkring eigen vaksenstil gjer at personalet i barnehagen i større grad utøver den autoritative vaksenstilen – også i utfordrande situasjonar.



Støttmateriell

Som hjelp til dette kompetanseløftet så er det utvikla eit pedagogisk opplegg i samarbeid med Læringsmiljøsentret ved UiS. Dette materialet inneheld teori og kompetanseheving for alle tilsette, samt materiell til bruk saman med barna.



«Vere saman» har to grunnpakkar av støttmateriell. Vi vil nytte eit opplegg for dei yngste og ein for dei eldste barna for å tilpasse utifrå alder- og utviklingsnivå.



«Løvelova»

Barnehagen har arbeidet med kompetanseløftet «Vere saman» i nokre år allereie. Vi skal fortsette å ha fokus på vaksenrolla og barna sin sosiale kompetanse. I fellesskap har både personalet og barna vorte einige om at alle skal følgje «Løvelova». Dei grunnleggjande verdiane i «Løvelova» og «Vere saman» er formidla til barna ved hjelp av «Regnbogeløva». Han er ein bamse som er eit viktig samtaleverktøy for dei vaksne i barnehagen. «Regnbogeløva» har også gode vener i «Ramona von Rotter» og ungane hennar. Løvelova» gjev ein tydeleg og forpliktande ramme for korleis barn og vaksne skal ha det saman.

Kan du løvalova?
Eg skal vere meg
Men gje plass til andre,
slik at dei bli seg,
bry meg om ein annan,
hjelp når eg kan.
Slik vert livet betre
for barn i alle land.



Ser du ein vert plaga?
Det er ikkje bra!
Alle må stå saman
om å seie i fra!
Alle barn på jorden
har den same rett
til å vere trygge
og til å verte sett.

**Når barnet ditt seier: «I dag har eg hatt det kjekt, trygt og lært mykje nytt»,
då har det blitt møtt av vaksne som...**

Er anerkjennande	Gir ros og positive tilbakemeldingar
Viser omsorg	Har gitt meg gode råd og rettleiing
Har vennleg stemme	Lærer meg korleis løyse konflikhtar
Viser balansert makt	Leika med meg
Har lært meg noko nytt	Gitt meg noko å strekkje meg etter
Lar meg prøve og feile	Gir meg tryggleik og gode rammar
Er tydelege	Lærer meg å unngå negative handlingar
Setjer grensar	Lar meg uttrykke kjensler
Er konsekvent	Er forutsigbar
Ser meg	Delt latter og eit smil med meg
Er varme	Lærer meg å ta kontakt med andre
Har gode rutinar	Gjev meg kjensle av å meistre
Lar meg få medverke	Oppmuntrar meg
Tar mitt perspektiv	Er gode rollemodellar
Stiller adekvate krav til meg	
Godt blikk	
Skapar god stemning	
Lyttar til meg	
Å VERE SAMAN I MOLTU BARNEHAGE	

Livsmeistring og helse

I barnehagen skal alle ha like moglegheiter; uavhengig av sosial status, kultur, religion, språk, kjønn og funksjonsnivå. Barn sine opplevingar og erfaringar med omsorg, danning, leik og læring er avgjerande for utdanning- og yrkesdeltaking seinare i livet. Eit godt språkleg grunnlag og sosial tilhøyrslle fremjar barns trivsel, utvikling og læringsutbytte. Barna er små og livet i barnehagen lever dei no, og det er "lenge" til de skal ut i verden på egne bein. Men det barn erfarer allereie no har stor



betydning for korleis det enkelte barn i framtida meistar å skape seg eit berekraftig og meningsfullt liv, både personleg og som samfunnsborgar.

Derfor er det å sette fokus på livsmeistring og helse naudsynt.

Livsmeistring handlar om dei positive kreftene i barnet sitt liv, som det å imøtekomme barn sitt behov for tryggleik, leik og meistring i barnehagekvarden. Det er i dei positive erfaringane saman med vaksne og andre barn at trivsel, robustheit og motstandsressursar byggast. At barn opplever trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverdi er viktig.

Men livsmeistring handlar også om å skjerme barn mot forhold, t.d. negative relasjonar, omsorgssvikt og mobbing, som man veit tek frå dei ressursar. Å oppleve krenking, mobbing og utanforskap påverkar eit barns sjølvbilde svært negativt. Derfor er det viktig at barnehagen handterer, stoppar og følgjer opp dersom eit barn opplever krenking, utestenging eller mobbing. Barnehagen skal vere eit trygt og utfordrande sted kor barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og venskap i trygge rammar og omgjevnader. Personalet har derfor fokus på det psykososiale miljøet i barnehagen då det har grunnleggjande betydning for barna sin trivsel og utvikling.

Mål

- Barna skal utvikle ein sunn fysisk og psykisk helse.
- Å styrke barna sine evner til å møte motstand, handtere utfordringar og å vere uthaldande.
- Barna skal lære å verte kjent med egne og andre sine følelsar.
- Å gje barna moglegheit for ein allsidig utvikling gjennom samspel med andre, i et sosialt og meningsfullt fellesskap kor dei har moglegheit til å uttrykke seg og delta aktivt.
- Barnehagen vår skal vere ein arena som har ein helsefremjande og førebyggjande funksjon som kan bidra til å jamne ut sosiale skilnader.

Teikn på god praksis

- Vaksne som oppmuntre barna til å gje uttrykk for sine tankar, følelsar og meiningar, både non-verbalt og verbalt.
- Barna opplever å verte møtt med anerkjenning og at deira bidrag er viktig.
- Tilgjengelege og imøtekommande vaksne.
- Barn som opplever trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, både inne og ute, året rundt.
- Gode og utviklande samspel mellom barn/barn og mellom barn/vaksen.
- Vaksne som støttar barna når dei bygger relasjonar og deltar i samspel med andre.
- Barn som tek aktiv del i og er medskapande i sin eigen læringsprosess.


Tiltak

- Kontinuerleg observasjon av barna sin atferd, språkutvikling, leikeferdigheiter, innpass i barnegruppa m.m.
- Ha fokus på å opparbeide tillit, gje varme, omsorg og tryggleik for gi næring og moglegheit for vekst og utvikling.
- Stimulere barna sin undring og evne til å stille spørsmål, søke opplevingar, ta initiativ og meiste nye ting.
- Ha ein fast dagsrytme med faste rutinar og organiserte aktivitetar for å skape trygge og forutsigbare rammer for barna.
- Arbeide aktivt med det psyko-sosiale miljøet i barnehagen.

Trygt og godt barnehagemiljø

I følge Lov om barnehagar kap. 8 § 41-43 så fastset den ei plikt for barnehagen å arbeide systematisk med å sikre at alle barn har eit trygt og godt barnehagemiljø som fremjar helse, trivsel, lek og læring. Alle som jobbar i barnehagen skal følgje med på og leggje til rette for at barna har det trygt og godt i barnehagen. Personalet er underlagt ei «aktivitetsplikt» for å sikre dette.

Eit trygt og godt barnehagemiljø handlar om meir enn fråvær av mobbing og andre krenkingar. Det inneber også at barna skal oppleve inkludering, tilhøyrslø og omsorg. Eit trygt og godt miljø fremjar god psykisk helse. I ein psykisk helsefremjande barnehage er leiken den grunnleggjande aktiviteten og kompasset for det vidare arbeidet.



Ein av personalet sine viktigaste oppgåver er å følgje med på samspelet mellom barna. Vi er t.d. observante når barn tek seg ein pause frå lek med andre barn. Er det ein frivillig pause eller vert barnet ekskludert frå leiken?. Å nytte systematisk observasjon er ein av våre metodar for å kunne følgje med på barna sin lek og trivsel og om det eventuelt på setjast inn tiltak.

Å jobbe med å skape gode relasjonar er viktig. Vi erfarer at når barnehagen arbeider med relasjonar, emosjonell intelligens og sosiale ferdigheiter så bidreg det til å førebyggje mobbing og utestenging. Barn med gode sosiale ferdigheiter er barn som

har ein god relasjon til seg sjølv, god relasjon til andre og godt språk. Barn som har gode relasjonar mobbar heller ikkje kvarandre. Vi vaksne følgjer dette opp i kvardagen ved å vere observante og lydhøyre vaksne som tek barna på alvor. Vi ser, høyrer og støttar barna.

Det er ikkje berre barn som kan krenke kvarandre. Barn kan også oppleve å verte krenka av tilsette i barnehagen, foreldre eller andre vaksne som dei er i kontakt med. Barn kan oppleve at vaksne krenker andre vaksne med blikk, utestenging, taushet og små negative kommentarar. Det er derfor viktig å ha fokus på heile barnehagemiljøet. Dersom ein skal oppnå eit trygt og godt miljø for barna å vere i så må ein også ha fokus på arbeidsmiljøet.

Mål

- Både store og små skal trivest i barnehagen.
- Barna skal oppleve inkludering og vere deltakar i fellesskapet.
- Skape eit trygt og godt fysisk og psykososialt omsorgsmiljø som fremjar helse, trivsel, trygghet og læring.
- Barna skal få oppfylt sine rettigheter til medverknad.
- Alle vaksne skal ha kunnskap om korleis man jobbar aktivt for å skape eit godt psykisk miljø for barna å vere i.

Teikn på god praksis

- Barna trives og viser glede av å vere i barnehagen.
- Kompetente, observante og lydhøyre vaksne.
- Autoritative vaksne som tek ansvar.
- Dei vaksne legg merke til, bekreftar, synleggjer og forsterkar positivt samspel mellom barn.
- Dei vaksne er bevisste rollemodellar som viser respekt og anerkjenner kvar enkelt barn og sine kollegaer.
- Godt arbeidsmiljø

Tiltak

- Praktisere aktivitetsplikten.
- Dei vaksne praktiserer felles reglar.
- Fokus på kollegarettleing
- Bruk av systematisk observasjon – tidleg innsats.
- Nulltoleranse for mobbing.
- Varsle dersom ein oppdagar at eit barn vert krenka, mobba eller utestengt.
- Ta foreldresamarbeid på alvor og involvere heimen i arbeidet med å sikre med å sikre barn eit godt oppvekstmiljø.

Barn si medverknad

Barn i barnehagen har i følge barnehagelova § 3 rett til å få gje uttrykk for sitt syn på barnehagen sin daglege verksemd og i saker som gjeld ein sjølv. Barn skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegging og vurdering av barnehagen sin verksemd.

Det at barn skal få vere med å medverke sin eigen kvardag føreset at dei vaksne i barnehagen kan sjå barna sine ytringar i samanheng med det enkelte barn si alder og mognad. Dei vaksne skal vere opne for barna sine meiningar, idéar, ønskjer og finne løysingar saman med barnegruppa og/eller det enkelte barn. Formålet er å skape trygge rammer rundt medverknad i barnehagen og fremje nysgjerrigheit og læring. Aktiv deltaking og høve til medverknad i samlingar, kvardagslege aktivitetar og i lek er viktig i danninga av «sjølvstet» som individ og som ein del av fellesskapet.

Mål

- Alle barn skal erfare å få påverke det som skjer i barnehagen.
- Dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, skal få gi uttrykk for kva dei tykkjer om eigne vilkår.
- Dei vaksne skal arbeide aktivt for at alle barn i barnehagen opplever å verte sett og høyrte.
- Barna skal gjennom demokratisk deltaking bidra og medverke barnehagens innhald.

Teikn på god praksis

- Lyttande og nærverande vaksne som fangar opp, både verbalt og non-verbalt, det barna er interessert i.
- Vaksne som slepp opp planlagde aktivitetar og heller er til stede her-og-no på barna sine premissar.
- Dei vaksne er lydhøyre og nysgjerrige på barna sine perspektiv og synspunkt.
- Dei vaksne «hektar» seg på og fordyper seg saman med barna for det dei interesserer seg for.

Tiltak

- Tydelege og romslege vaksne som gir rom for at barna sine tankar og synspunkt vert tekne med i korleis vi organiserer kvardagen.
- Leiker, utstyr og materiell er synleg / lett tilgjengeleg for barna slik at dei lettare kan finne fram det dei vil halde på med.
- Samtalar med barna kor dei får seie noko om sin barnehagekvardag, samt snakke opp ønskjer og interesser.



«At eg vert høyrd er ikkje det same som at eg får det som eg alltid vil».

Det er trygt å seie si meining og gje uttrykk for eigne behov og ønskjer...

«Å verte høyrte er å reflektere saman med dei vaksne og andre barn».



Språk og kommunikasjon

Språk er ein basiskompetanse og er vesentleg for barns utvikling. Det er gjennom språket barnet lærer å forstå verda, kan kommunisere, filosofere og fabulere, samhandle og bygge relasjonar. God språkutvikling er avgjerande for leik og sosiale relasjonar i barnehagealder, men det er også viktig for utvikling av lese- og skriveferdigheiter og generell læring i skulealder.

Språkleg kompetanse har betydning for barn sin identitetsutvikling. Gjennom språket, både det verbale og non-verbale, får barnet ei aukande innsikt i seg sjølv og det trer inn i eit fellesskap med andre menneske. Språket gir barnet ein identitet og er avgjerande for både den intellektuelle, emosjonelle og sosiale utviklinga til barnet.

Barnets evne til å bruke språk er avgjerande for korleis barnet kan kommunisere med vaksne og med andre barn, korleis det kan setje ord på erfaringar, fortelje om noko viktig, diskutere og reflektere saman med andre. Gjennom språket kan barnet uttrykke eigne tankar, meiningar, behov og følelsar. På lang sikt er gode språk- og kommunikasjonsevner avgjerande for å kunne vere ein aktiv deltakar i eit moderne demokrati og kunnskaps- og utdanningssamfunn.

I barnehagen så arbeidar vi systematisk med språk og kommunikasjon. Vi ønskjer å la barna få «bade i språk», men ikkje så mykje at vi «druknar» dei. Personalet er opptekne av å snakke med barna med eit presist språk og rikt vokabular og ta utgangspunkt i barna sine interesser. Barna skal få erfare at dei vaksne lyttar til det og tek dei med på spennande samtalar som opplevast som meningsfulle.

<i>Mål</i>	<i>Teikn på god praksis</i>	<i>Tiltak</i>
• Barna skal utvikle eit variert ordforråd og god språkforståing. • Barna skal utvikle gode kommunikasjonsferdigheiter. • Barna skal lære å lytte, observere og gje respons i gjensidig samhandling med barn og vaksne. • Barna skal lære å bruke språket sitt for å uttrykkje kjensler, behov og erfaringar. • Lære å løyse konflikhtar og skape positive relasjonar i leik og anna samvær. • Barna skal utvikle eit positivt forhold til tekst og bilete som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskapar og samtalar. • Lære å bruke språk og kommunikasjon som inspirasjon til fabulering og nyskaping.	• Barna er aktive og deltakande språkbrukarar. • Dei vaksne arbeidar systematisk med språk. • Vaksne som er medvitne på val av aktivitetar og metodar som stimulerer barna si språkutvikling. • Vaksne som er gode språkmodellar og bruker språket på ein språkstimulerande måte. • Barna har eit positivt forhold til bøker, likar å «lese» sjølve og verte lest for. • Språk- og leseaktiviteter er implementerte i kvardagen i barnehagen (t.d. samling, av- og påkledning, måltid, stellesituasjonar og i leik). • Aktiv bruk av rim og reglar, song, musikk og rytme, høgtlesing, munnmotoriske øvingar og språkleikar.	• Fokus på at barna skal vere omgitt av eit rikt språkmiljø. • Aldersinndelte grupper med planlagde lesestunder kor vi har fokus på nye og uvante ord. • Legge til rette for varierte typar litteratur. • Arbeide med t.d. «Grep om begreper» som er ein metodikk for strukturert omgrepslæring. • Arbeide med «Språkløyper» (nasjonal kompetanseheving hjå personalet). • Fokus på barn som har språkvanskar og/eller eit anna morsmål enn norsk. • Bruke visuell støtte for å gje barna god oversikt og tydeleggjere språk og kommunikasjon i dagleg leik og samspel. • Tidleg innsats

Når barnet ditt fortel at «i dag har det berre vore ein heilt vanleg dag», då har barnet ditt truleg erfart mange av desse språklege aktivitetane;

Alternativ supplerande kommunikasjon
Utvikla språkforståelsen
Høyr eit variert ordforråd
Snakka om det vi har sett
Tatt i mot enkle beskjedar
Dramaleik
Sosial kompetanse
Øvd på å skrive
Øvd på konfliktløysing
Songleik
Lært nye navn og omgrep
Sett i pekebøker
Lest bøker
Uttrykt kjensler
Hatt gjensidig samhandling
Vorte kjent med bilder
Øvd på motorikken
Uttrykt erfaringar
Teikna
Fått kjelde til estetiske opplevingar
Leika med lydar og rytme
Opplevd glede og humor
Vekka nysgjerrigheit
Sett tall og bokstavar
Lytta
Hatt samtaler
Utvikla positivt forhold til tekst
Uttrykt ønskjer
Brukt fantasien til å fabulere
Fått og gitt respons
Vorte kjent med ulike media
Brukt språket aktivt

Regional kompetanseutvikling (REKOMP)

Alle barnehagane i Herøy er med på ei regional ordning for kompetanseutvikling som skal bidra til å utvikle barnehagen sin pedagogiske praksis. Tema som barnehagane arbeider med er språk og kommunikasjon og ein har blant anna fokus på tidleg innsats og korleis drive med systematisk og målretta språkstimulering. Formålet er at barna skal få utvikle omgrepsforståinga si og få eit godt ordforråd – noko som igjen legg grunnlaget for lese- og skriveopplæringa i skulen.

Ordninga er eit av fleire verkemiddel som skal sikre at alle barn i Herøy får eit likeverdig barnehage-tilbod av høg kvalitet.

ASK (Alternativ og supplerande kommunikasjon)

Alle barn treng språk for å utvikle seg. Men enkelte menneske meistar ikkje å kommunisere ved hjelp av talespråket aleine. Årsaker til dette kan vere medfødde tilstandar, ervervet skade eller sjukdom.



Desse barna vil ha behov for å kommunisere på andre måtar gjennom bruk av alternativ supplerande kommunikasjon – forkorta til ASK.

Døme på alternativ og supplerande kommunikasjon er bruk av handteikn, fotografi, grafiske symbol, talemaskinar og konkretar. Dette er kommunikasjonshjelpemiddel som kan kompensere for tapt eller redusert evne til tale og språk. Handlingar, veremåte og kroppslege uttrykk som må fortolkast og leggje til meining av andre som kjenner barnet godt kan også omtalast som ASK.

For dei barna som har behov for å nyttiggjere seg av språkleg støtte så vert ASK barnet sitt språk og måte å uttrykkje seg på. ASK er avgjerande for at barnet si stemme skal verte høyr. ASK vil vere heilt naudsynt for barnet sin språklege, kognitive, sosiale og faglege utvikling.

Samarbeidspartnarar

Barnehagen er opptekne av å ha eit godt foreldresamarbeid. Vi ønskjer at barnehagen vår skal vere ein stad kor både barn og foreldre ska føle seg heime. Eit godt samarbeid mellom heimen og barnehagen er ein føresetnad for at vi skal lykkast med å utvikle den gode barnehagen. Tillit mellom foreldre og personalet skapar trivsel både for barna, foreldre og tilsette. For at samarbeidet skal fungere best mogleg er vi avhengige av å få konstruktive tilbakemeldingar frå dykk foreldre. Vi ønskjer både ris og ros i tillegg til at vi kan vere ein naturleg samtalepartnar dersom dykk ønskjer det.

I barnehagelova §1 i står det at «*barnehagen skal i samarbeid og semje med heimen sørge for at barna får dekt behova sine for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling*». For å sikre samarbeid med heimane til barna så har vi eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet (FAU)

FAU består av alle foreldra i barnehagen kor dykk kan fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. På foreldremøtet i haust så vart følgjande valt til å sitte i FAU-styret;

- Nathalia Choukot Moltubakk (leiar)
- Agnetha Oldeide (nestleiar)
- Håvard Warholm (kasserar).

Samarbeidsutvalet (SAU)

SAU skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordna organ. SAU består av både eigar, foreldre og tilsette i barnehagen og er likt representerte i utvalet. SAU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld barnehagen. I dette barnehageåret er det følgjande som sit i samarbeidsutvalet;

- Stefan Hansen (repr. frå eigar/kommunen)
- Linn-Kristine Hoddevik (tilsett)
- Belinda Yasmin Moltu (tilsett)
- Nathalia Choukot Moltubakk (leiar FAU)
- Agnetha Oldeide (nestleiar FAU)

Tverrfagleg team – tidleg innsats

Barnehagen har eit godt og nært samarbeid med hjelpeinstansar utanfor barnehagen. Barnehagen er tilknytt eit tverrfagleg team som består av helsestasjon, barnevern og PPT (herunder spesialpedagogar og støttepedagogar). Dykk som foreldre, og eventuelt støtteapparatet rundt barna, vil vere svært viktige samarbeidspartnarar for barnehagen.

I tverrfagleg team kan barnehagen drøfte utfordringar anonymt, jobbe på systemnivå og invitere foreldre med på møter for å drøfte einskildsaker. For at barn med særskilde behov skal få best mogleg utbytte av barnehagetilbodet kan det vere behov for at barnehagen får tilført ressursar og spesiell kompetanse.

Ingen barn er like, og alle har forskjellige behov. I barnehagen møter ein barn med ulike føresetnader og må derfor ta omsyn til barna sin alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn når det allmennpedagogiske tilbodet skal tilpassast.


Barnehagen har som ansvar å fremje eit miljø der ulike individ og kulturelle ytringar kan møtast i respekt for det som er forskjellig. Personalet vil arbeide for å fremje positive handlingar som motverkar

avvising, mobbing og vald. Barnehagen skal arbeide for å forbygge og setje inn tiltak så tidleg som mogleg når utfordringar hos eit barn eller barnegruppa vert avdekka.

Tidleg innsats inneberer eit godt pedagogisk tilbod frå tidleg småbarnsalder. Tiltak kan vere å leggje til rette innanfor det ordinære barnehagetilbodet og/eller ved å setje inn særskilde tiltak. Det er ikkje alltid at det er eit enkeltbarn som har behov for støtte, men barnehagen kan også ha behov for å få støtte innad i ei barnegruppe. I dette arbeidet så er Tverrfagleg team ein god samarbeidspartnar å ha i tillegg til dykk foreldre.

Barnehagen vil arbeide for å førebyggje vanskar, samt oppdage barn med særskilde behov. Enkelte barn vil ha behov for ein individuell tilrettelegging for at barnehagetilbodet skal vere likeverdig.

Tilrettelegginga kan gjelde både sosiale, pedagogiske og/eller fysiske forhold i barnehagen.



Overgang barnehage skule

Barnehagen har også eit nært samarbeid med skulen. Å sikre barna ein god overgang frå barnehagen til skule er viktig. Førskulebarna skal få moglegheit til å glede seg til å starte på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen.

I barnehagen arbeider vi for å gje barna grunnleggjande kompetanse av kunnskapar, ferdigheiter, haldningar og ikkje minst motivasjon til dei startar i 1. klasse. Noko av det vi har fokus på er; å kle på seg sjølv, vere sjølvstendig i dosituasjon, hygiene, høflegheit, motoriske ferdigheiter (blyantgrep, klipp og lim), holde på konsentrasjon og fokus, vente på tur, dele med andre, empati, møte språk og tall i ulike samanhengar, omgrepslæring (formar, fargar, mønster, størrelse, like-ulike) m.m. Barnehagen ønskjer å bidra til at barna kan få avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru og egne evnar.

Skulen bør vere best mogleg rusta til å ta i mot skulestartaren. Kunnskap og informasjon om barnet sine føresetnader og behov er med på å gjere overgangen lettare for barnet. Det er derfor viktig at barnehagen og skulen kan få utveksle kunnskap og informasjon om barnet i forkant av skulestart. Opplysningar om barnet dykkar vil ikkje verte delt med skulen utan samtykkje frå dykk foreldre.

Dagsrytma

Tidspunkt	Aktivitet	Informasjon
Kl. 06.45	Barnehagen opnar	
Kl. 06.45 – 08.30	Frukost	Barn som ikkje har spist frukost kan gjere innanfor dette tidsrommet. Barn som kjem etter at frukosten er rydda bort kl. 08.30 må ha spist frukost heime.
Kl. 06.45 – 09.00	Frileik	Barna held på med sjølvvalde aktivitetar. Dei vaksne er med å inspirerer, motiverer og er støttande i leiken eller aktiviteten til barna. Det vert ofte lagt til rette for stasjonsleik. Leik og aktivitetar vert valde ut i frå barna sine premisser
Kl. 09.00 – 09.30	Praktiske gjeremål	Opprydding av leiker og anna materiell, vasking og dobesøk. Barna bør vere komne innan kl. 09.15 slik at dei får tid til å seie ordentlege "hadet" til dykk foreldre før organisert og tilrettelagt aktivitetar startar opp kl. 09.30. På turdagar forlater turgruppa barnehagens område kl. 09.30.
Kl. 09.30 – 11.15	Organiserte aktivitetar	Personalet har planlagde og tilrettelagte aktivitetar. Vi har samlingsstund, temaarbeid, formingsaktivitetar, leike- og spelegrupper, ulike klubbgrupper, turar i nærmiljøet, baking, song-, musikk- og dramagrupper o.s.v. Barnegruppa vert som regel inndelt ut i frå alder- og utviklingsnivå.
Kl. 11.15 – 12.45	Hovudmåltid	Barna har smøremåltid og får knekkebrød, brød og/eller rundstykke og div. pålegg, samt mjølk. På bagedagar får også barna servert baksten eller eit varmt måltid. Vi øver oss på å smøre på maten, samt ha fokus på god bordskikk. (Dei yngste barna vert lagt til å sove etter måltidet og stell).
Kl. 12.45 – 16.30	Utetid	Etter måltidet er det dobesøk og påkledning. Vi øver oss på å verte sjølvstendige med påkledningen. I utetida er det både frileik og tilrettelagte aktivitetar. Er været dårleg så går vi inn etter et par timar viss barna ønskjer det. Går vi inn så har man både frileik og organiserte aktivitetar (ofte tilknytt tema vi held på med).
Kl. 14.15 – 14.45	Mellommåltid	Barna får brødiskiver, knekkebrød, yoghurt og/eller frukt.
Kl. 17.00	Barnehagen stenger	
Viktig regel ved henting av barnet ditt: For at dei barna som vert henta seint ikkje skal sitte igjen med å måtte rydde opp alle leikene, så er det viktig at alle barn ryddar opp den aktiviteten dei held på med dersom man er inne. Er barnet ute og leker når det vert henta så må det rydde inn like mange leiker som det er år inn i leikeskuret.		
Formålet med dagsrytma er å ivareta barna sine behov for leik, aktivitetar, fysisk utfolding, ro til konsentrasjon og kvile. Gjennom levereglar, informasjon og fokus på at barna skal oppleve gruppesamhøyrige vil vi gjere barnehagedagen trygg og forutsigbar for barna. Gruppefelleskapet styrkast gjennom fellesopplevingar, toleranse, ansvar, respekt, høflegheit og sjølvstende. Det er ønskeleg å understreke at ein enkelte dagar kan avvike frå dagsrytma vår.		



“ Alt jeg egentlig trenger å vite lærte jeg i barnehagen ”

Dele med andre.

Opptre realt.

Ikke slå.

Legg tingene tilbake der du fant dem.

Rydd opp i ditt eget rot.

Ikke ta noe som ikke er ditt.

Be om unnskyldning når du sårer noen.

Vask hendene før du spiser

Skyll ned etter deg på toalettet.

Du har godt av varme småkaker og kald melk.

Lev et balansert liv - lær litt og tenk litt og tegn og mal

og syng og dans og lek

og arbeid litt mer hver dag.

Ta en liten lur hver ettermiddag.

Når du går ut i verden, så se opp for trafikken,

hold hverandre i hendene og hold sammen

Vær oppmerksom på under. Husk det lille frøet

som plantes: Røttene vokser nedover og planten vokser oppover,

og egentlig er det ingen som vet hvordan,

eller hvorfor,

men slik er vi alle sammen.

Gullfisk og hamstere og hvite mus

og til og med det lille frøet i boksen med skumplast - alle dør.

Det gjør vi også

Og husk de første barnebøkene og det første

ordet du lærte - det største av alle ord - SE.

(Robert Fulghum)